



Arkivnr: 2014/11856-164

Saksbehandlar: Guro Klyve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.10.2016

Utleige av grunn - Stend vgs

Samandrag

Eigedomen gnr. 97, bnr. 1 på Stend vidaregåande skule i Bergen grensar i nord til Rå næringspark, der mellom anna BIR Avfallsenergi AS sitt forbrenningsanlegg ligg. I tillegg er det andre store næringsaktørar i dette området i Rådalen.

Fleire av desse aktørane har behov for ekstra areal knytta til sine aktivitetar, og Hordaland fylkeskommune har i mange år leigd ut grunn til bruk for lagring av avfall, steinmassar mm. Dei aktuelle areala ligg på eit tidlegare deponiområde, og det er lenge sidan dei vart nytta av skulen til jordbruksdrift.

Vedlagt følgjer 4 kontraktar m/kart for utleige av grunn. For 3 av areala går gjeldande avtalar ut til nyttår, og det er forhandla fram nye kontraktar med ei høgare leige. Alle kontraktane gjeld frå 01.01.2017 og fram til 31.12.2021 (5 år), med opsjon på leige for ein ny periode.

I tillegg til kartet som følgjer med kvar av kontraktane, er det lagt ved eit flyfoto der dei 4 utleigeareala er markert med raud farge.

Fylkesrådmannen rår til at leigekontraktane vert godkjent.

Forslag til vedtak

1. Leigekontrakt med Norscrap West AS vert godkjent.
2. Leigekontrakt med BIR Avfallsenergi AS vert godkjent.
3. Leigekontrakt med Anleggsgartner Svein Boasson AS vert godkjent.
4. Leigekontrakt med NCC Industry AS vert godkjent.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Leigekontrakt - Norscrap West AS
- 2 Leigekontrakt - BIR Avfallsenergi AS
- 3 Leigekontrakt - Anleggsgartner Svein Boasson AS
- 4 Leigekontrakt - NCC Industry AS
- 5 Flyfoto av området

Fylkesrådmannen, 04.10.2016

Eigedomen gnr. 97, bnr. 1 på Stend vidaregåande skule i Bergen grensar i nord til Rå næringspark, der mellom anna BIR Avfallsenergi AS sitt forbrenningsanlegg ligg. Andre store næringsaktørar i Rådalen er Fana Stein & Gjenvinning AS, Norscrap West AS, NCC Industry AS m.fl.

Fleire av desse aktørane har behov for ekstra areal knytta til sine aktivitetar, og Hordaland fylkeskommune har i mange år leigd ut grunn til bruk for lagring av avfall, steinmassar mm. Dei aktuelle areala ligg på eit tidlegare deponiområde, og det er lenge sidan dei vart nytta av skulen til jordbruksdrift.

Vedlagt følgjer 4 kontraktar m/kart for utleige av grunn. For 3 av areala går gjeldande avtalar ut til nyttår, og det er forhandla fram nye kontraktar med ei høgare leige. Det er samsvar mellom storleiken på leigesummen og bruken av arealet. Leiga er indeksregulert.

Alle kontraktane gjeld frå 01.01.2017 og fram til 31.12.2021 (5 år), med opsjon på leige for ein ny periode. Vedlegg 1 – 4.

I tillegg til kartet som følgjer med kvar av kontraktane, er det lagt ved eit flyfoto der dei 4 utleigeareala er markert med raud farge. Vedlegg 5.

Avtalen med Norscrap West AS

Arealet er på 12 da og har vore nytta av Norscrap West AS til « ..mottak av skrapjern og evt. mottak av vrakpantbilar» sidan 01.01.2007. Årsleiga i den nye leigekontrakten er kr 35.000 pr. da, som gjev ein årleg sum på kr 420.000.

Avtalen med BIR Avfallsenergi AS

Arealet er på 5 da og skal nyttast av BIR Avfallsenergi AS til mellomlagring av næringsavfall. Avfallet vil verte innpakka i plast som rundballar. Årsleiga er kr 40.000 pr. da, som gjev ein årleg sum på kr 200.000.

Avtalen med Anleggsgartner Svein Boasson AS

Arealet er på 4 da og har vore nytta av Anleggsgartner Svein Boasson AS til « ..lagerplass for stein, betongvarer og andre hjelpemiddel knytta til anleggsgartnerverksemd» sidan 01.07.2011. Årsleiga i den nye leigekontrakten er kr 27.000 pr. da, som gjev ein årleg sum på kr 108.000.

Avtalen med NCC Industry AS

Arealet er på 0,7 da og har vore nytta av NCC Industry AS i samband med asfaltproduksjon sidan 01.01.2008. Årsleiga i den nye leigekontrakten er kr 100 pr. m2, som gjev ein årleg sum på kr 70.000.

Ein rår til at leigekontraktane vert godkjent.